

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
076/22	Kommunestyret	PS	27.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	22/1012

### Orienteringssak

#### Framlegg til vedtak:

#### Kommunestyret - 076/22 - 27.10.2022

##### KS - behandling:

Einar Vaage orienterte om arbeidet i Industriutvikling Vest - sjå eige presentasjon

**Einingsleiar Rolf Henning Myrmel:**

- Oppstart Årås skule veke 48. Kaland skule veke 48, riving av Kaland 1
- VA - første pumpestasjon kom i forrige veke, den neste er på veg og kjem tidleg i neste veke.
- Gangveg langs Nordliheimen, nokre utfordringar i høve leidingar, men jobbar vidare med dette.
- Gangveg i Åråsvågen er under prosjektering.
- Gangveg til Fonnes kai, dette er eir rekkefølgjekrav i plan for Nordre Fonnesvågen, der er ikkje eit tiltak i kommunen sin trafikksikringsplan. Vi kan skrive ei utbyggingsavtale utan anleggsbidrag eller utbyggingsavtale med anleggsbidrag. Utgangspunkt med meterpriser vi har fått på liknande prosjekt vil gi ein kostnad på over 3. mill.

Ordførar Per Lerøy (Ap) oppfordrar kommunedirektøren til å gjere ei avtale og kome attende med ei sak seinare, slik at det ikkje blir gjort dobbelt arbeid på staden.

**Einingsleiar Asbjørn Nagel Toft** orienterte om beiting og førebygging av utmarksbrann og viste korleis landskapet ser ut etter at geitene har beita her i sommar. No fence prinsippet har fungert veldig bra. Sjå eige presentasjon.

**Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug** orienterte om tilsetjingar, avvikssystemet, medarbeidarkartlegging og status på politiske saker.

Monika Thorpe (AP) spurte om tiltak i samband med personskade. Er det prosedyrer, er skjema digitalt?

Bjørnar Fjellhaug: Her kan vi ha nokre er situasjonar der det ikkje har blitt personskade, men det er

meldt inn fordi det kan bli det. Kan sjekke om skjema er digitalt.

Britt Skålevik Lerøy (Ap): Korleis kommuniserer ein avvik og rutiner?

Bjørnar Fjellhaug: Avvik er fast tema i leiarmøte, kommunalsjefane har anvar for å ta det vidare i si eining. Det er digitalt system for avvik, det fungerer bra, men vi må jobbe litt meir for å kvalitetsforbedre systemet.

Gro Kaland (Sp) spurte om forbettingsforslag.

Bjørnar Fjellhaug seier at ein kan gå inn og melde forbettingsforslag utan at ein meldar avvik.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) - skade på elev og barn kjem det her?

Bjørnar Fjellhaug svarte at nei det er i utgangspunktet ikkje med her

Reidar Ulvøy (Ap)- Har alle tilgang og opplæring i systemet.

Bjørnar Fjellhaug - Ja alle har tilgang, men leiarar kan levere inn avvik om ein ikkje får gjort det sjølv. Orientering om 10-faktor, medarbeidarundersøking som er tilpassa kommunal sektor. Det er ikkje noko urovekkjande i resultatet, men uansett skal einingae jobbe meir med dette framover og arbeidet skal munne ut i ein handlingsplan for korleis vi kan forbedre oss framover.

Vidare hadde kommunedirektøren ein gjenomgang av politiske saker og vedtak og forklaring på fargekoder i reknearket.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) - veldig bra med slik oversikt. Vedtak om miljøarbeidarar på skule, kva er status her?

Kommunalsjef Trine Merete Jansen: Stilling har vore lyst ut, men vi har ikkje lukkast å finne søkerar om ville passe inn. Vi har ikkje lagt det vekk, men utsatt det. Jobbar og vidare med andre prosessar for å gjere ting annleis med dei tilsette vi har. Kan vere vi lyser ut, men da må vi kanskje spisse utlysinga.

Jan Erik Espelid (BYA): God oversikt - kan den leggjast ved referatet? Kommunedirektøren svarar at det kan vi.

Monika Thorpe (AP) - Oversikta er gull verdt. Kva med vedtak om heile stillingar?

Bjørnar Fjellhaug: Må sjekke litt kor det ligg, den er med og det er og med i planar framover.

Inger-Lise Brekke (H): Ønske om at politikarane får informasjon når vedtak ikkje blir iverksatt.

**Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes** hadde ei kort orientering om straumkjøp:

Er i kontakt med andre kommunar for straumkjøp om å lage eit innkjøpskartell. Har fått signal om at det er nabokommunar som er interessert i dette.

## **KS - vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

## **Saksopplysninger:**